

# Vedtekter for Årdal Bestandsplanområde Hjort i Årdal kommune

## §1 Føremål

Bestandsplanområde har som føremål i driva forvaltning av hjortebestanden innafør området. Dette inneber ei forvaltning av hjortebestanden som tek omsyn til områdets bereemne, skadepresse på skog og innmark, og andre samfunnsmessige omsyn. Dette skal gjerast i tråd med overordna mål og føringar.

Det skal samarbeidast med tilstøytande bestandsplanområder.

Målet er vidare ei forvaltning som gjev godt utbyte - næringsmessig for jaktrettshavarane, og i form av rekreasjon og jaktutbyte for jegrane.

## § 2 Medlemskap

Det er godkjente vald som er medlem i bestandsplanområde. Innmelding skjer ved underteikning av innmeldingsserklæring. Medlem vert representert av valdsansvarleg. Medlemmar har avgrensa ansvar. Kwart medlem har ei stemme.

Dersom nokon krev det skal arealstorleiken leggjast til grunn ved avstemming.

Medlemskap kan teiknast av alle vald som er godkjent av kommunen

Utmelding må skje skriftleg til styret i Bestandsplanområde og innan 31. Desember, og gjeld påfølgjande år.

## § 3 Avgrensing

Bestandsplanområdet er avgrensa til å gjelde innanfor Årdal si kommunegrense. ?

## §4 Styret

Bestandsplanområde drivast av eit styre på 6 personar med varamedlem. Det skal vere ein representant frå kvart av dei tidligare driftsplanområder/storvald og ein vara frå kvart område.

01 Offerdalen, 02 Seimsdalen/Nundalen/ Hæreid, 03 Fardalen, 04 Utladalen, 05 Eldegarden og 06 Vikadalen

Representantane skal veljast bland medlemmar i dei ulike planområder i forkant av årsmøtet. Styret kan gjere vedtak når minst halvparten av styret er tilstade. Avstemming i styret skjer ved vanleg fleirtal. Dersom ein av styremedlemmen krev det skal avstemming avgjerast etter areal Det er laga eige rekneark for slik avstemming.

# Vedtekter for Årdal Bestandsplanområde Hjort i Årdal kommune

Styret skal:

- Arrangere årsmøte, legge fram årsmelding og arbeidsplan samt kome med framlegg til arbeidsplan og budsjett
- Lage framlegg til bestandsplan for bestandsplanområde.
- Søkje kommunen om godkjenning av bestandsplan på grunnlag av årsmøtevedtak.
- Gje god informasjon til medlemmane om faglege spørsmål og gjennomføre tiltak som styrker medlemmanes kunnskap om fagfeltet.
- Gjennomføre dei vedtak som vert fatta av årsmøte
- Årleg kontakt med nabo områda for samordning av bestandsutvikling.
- Styret må ha oversikt på medlemmar og melde frå til kommunen innan 1. mai om det er endringar i medlemskap.
- Halde oversikt over evt flytting av løyver mellom vald. Dette for å kartlegge omfanget og samle data for evaluering av effekten.

Det skal førast protokoll over styret sitt arbeid.

Grunneigarane er innforstått med at styret i bestandsplanområdet opptrer på vegne av medlemmene, ut frå dei vedtak som er gjort på årsmøtet og dei tiltak som ligg i bestandsplan for området. Styre er sjølv ansvarleg for sekretær og kasserarfunksjon men kan om naudsynt utførast / leigast av nokon utanfor styret.

## § 5 Årsmøte

Årsmøte skal haldast innan 31. mars kvart år. Det er styret som kallar inn til årsmøte. .

Grunneigarar tilhøyrande vald har møterett og talerett. Berre medlem(valdansvarleg) har røysterett, vald kan vere representere med fullmakt.

Innkalling til årsmøte skal vere skriftleg og skje minst ein mnd før årsmøte. Sakar som medlemmar ynskjer å ta opp på årsmøte må vere styret i hende 14 dagar før årsmøte.

Årsmøte kan gjere vedtak når minst halvparten av areal i bestandsplan området er tilstade.

Endring i vedtektene krev 2/3 fleirtal .

# Vedtekter for Årdal Bestandsplanområde Hjort i Årdal kommune

Årsmøte vert leia av styret sin leiar.

Årsmøte skal:

- Handsame årsmelding og rekneskap.
  - Få framlagt jaktstatistikk, sett hjort resultat og andre relevante rapportar som omhandlar hjort i bestandsplan området.
- Handsame styret sitt framlegg til budsjett og arbeidsplan for kommande år. Herunder fastsette medlemskontigent og styregodtgjersle.
- Handsame styret sitt framlegg til bestandsplan og årleg avskyting
- Handsame innkomne saker
- Velje leiar til styret og revisor
- Namn på styremedlemar skal opplysast på årsmøte.

Årsmøte kan ikkje fatte bindande vedtak i saker som ikkje er nemnd i innkallinga.

## § 6 Ekstraordinært årsmøte

Dersom styret eller minst 1/3 del av medlemmane krev det skal det kallast inn til ekstraordinært årsmøte. Innkalling til - og sakshandsaming på ekstraordinært årsmøte følger same reglar som for ordinært årsmøte

## § 7 Økonomi

Bestandsplanområde er ansvarleg for finansiering av eiga drift. Dei tilslutta jaktrettshavarar (jfr. pk 2) kan måtte betalar årleg kontingent etter vedtak på årsmøtet. Denne kan bli utrekna etter årleg tildelt fellingskvote. Den totale inntekta på kontingenten må vera i samsvar med ei forsvarleg forvaltning og ut frå dei arbeidsoppgåver utvalet har.

Den eventuelle kontingenten må vera innbetalt innan 1. desember kvart jaktår.